



Kålås & Sønn Byggevarehandel As
Sauvågen 83
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3917 - 19/17186

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
31.05.2019

Ferdigattest for riving av våningshus og oppføring av ny bustad - gbnr 5/1 Dyrdal

Administrativt vedtak. Saknr: 322/19

Tiltakshavar: Siren Stall
Ansvarleg søkjar: Kålås & Sønn Byggevarehandel As
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 18.04.2017. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 16.05.2019.

Skildring

Adresse:	Austfjordvegen 373
Bygningstiltak:	Einebustad
Bygningsnummer:	300655687 og 176305134(revet)
Bruksareal:	162m ²
Avlaup:	Frå biologisk/kjemisk reinseanlegg via elv med heilårleg vassig, til sjø
Vatn:	Privat vassverk
Tal på røykløp:	1

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av våningshus og oppføring av einebustad med garasje på gbnr 5/1.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/3917

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kålås & Sønn Byggevarehandel As
Siren Stall

Sauvågen 83 5915
Stallavegen 151 5993

HJELMÅS
OSTEREIDET